



Forvaltningsplan for grågås
i
Øygarden kommune
Vestland fylke
2026 – 2030

Forord

Forvaltning av natur og artar krev eit godt kunnskapsgrunnlag dersom viktige oppgåver skal kunna løysast, det gjeld på alle nivå, frå internasjonalt til lokalt nivå. Særleg viktig er dette når artar er jaktbare og der viltressursen kan haustast utan at nasjonale miljømål blir sette til side. Kjernen i Naturmangfaldlova (§5) slår fast at artar skal bevarast på lang sikt, med livskraftige bestandar innan sine naturlege utbreiingsområde. I tillegg slår §8 fast at offentlege avgjerder skal byggja på vitskapleg kunnskap om artars bestandssituasjon.

I 1996 peikte nasjonal naturforvaltning (DN 1996) på at auke i våre gåsebestandar, og då særleg grågås Anser anser, burde føra til eit lokalt/kommunalt søkjelys på bestandar og leveområde, og særleg pga. auka konflikhtar med landbruket frå gjessene si beiting i slåtte- og beitemarker. Problemet var ikkje stort på Vestlandet på 1990-talet, men auka markant utover på 2000-talet. I Hordaland peikte Fylkesmannen på dette i 2008 (Fylkesmannen i Hordaland 2008), og at dei kommunane som hadde hekkande grågås burde utarbeida eigne forvaltningsplanar. I Øygarden kommune vart denne utviklinga merkbar, og talet på beitande grågjess auka fleire stader nord i kommunen, mellom anna på Alvøy og Ona. I dei siste 10 åra har auken i bestanden ført til konflikt med landbruket og ein del klager har kome inn til kommunen. Med denne bakgrunnen vart NNI førespurd, og fekk oppdraget om å utarbeida ein forvaltningsplan for grågås i Øygarden kommune. Arbeidet med feltarbeid vart starta opp vinteren 2025, og heldt fram til august 2025. Hausten 2025 er det arbeid med analysar av gåsedata frå Øygarden, og ein fagrapport er ferdigstilt som faggrunnlag for forvaltningsplanen (NNIRapport 709 – 2025).

Arbeidet med grågås i Øygarden kommune, fagrapport og plan, er utført av fagbiolog/zoo-økolog Arnold Håland (Cand. real), NNI Resources AS, i samarbeid med Øygarden kommune.

Innholdsfortegnelse

Forord	2
Utvikling i gåsebestanden i nyare tid	5
Rammer for forvaltinga av gås	7
Internasjonale rammer – konvensjonar og avtalar	7
Nasjonale rammer	7
Lov om naturmangfald (Naturmangfoldloven).....	7
Lov om jakt og fangst av vilt (Viltlova).....	8
Jakttidsrammer og jakttider for gås	8
Sanking av egg og dun	9
Forskrift om skadefelling av gås	9
Gåseartar i Noreg – og lokalt.....	10
Grågås i Øygarden, bestandar, trendar og områdebruk	13
Bestand og områdebruk i Øygarden kommune	13
Mål og tiltak i forvaltningsplanen	15
Overordna mål i artsforvaltinga	15
Kunnskapsbasert forvalting.....	15
Reduksjon i konflikt med jordbruket	15
Tilrettelegging for gåsejakt – hausting av lokale og trekkjande bestandar	16
Tidleg jakt i juli	16
Avbøtande tiltak for å redusere avlingstap	18
Aktiv skremming av beitande gjess.....	18
Bruk av ulike verkemiddel ved skremming.....	19
Inngjerding mot gjess	20
Friområde for gjess i hekkeperioden	20
Friområde for gjess i jakttida.....	21
Sanking av egg.....	21
Punktering av egg	21
Skadefelling av lokalt beitande gjess	21
Jakt på gås i Noreg og Vestland.....	22
Tilrettelegging for jakt	22
Endra jakttid – tidlegare jaktstart	23
Grunneigarsamarbeid – lokalt samarbeid	23
Evaluering av gjennomførte tiltak.....	23
Strategi og tiltak i lokal gåseforvalting 2026–2030	24
Prioriterte tiltak	24
Auke kunnskapen om bestandar og sosial struktur	24
Evaluera effektar av gjennomførte tiltak.....	24

Etablere samarbeid mellom forvalting og grunneigarar	25
Informasjon til allmenta og brukarar	25
Tilrettelegging for jakt	25
Rapportering av gjennomførte tiltak	25
Lokale tiltaksplanar.....	26
Litteratur	27

Utvikling i gåsebestanden i nyare tid

Naturen er i endring, og førekomstar av artar i ulike økosystem endrar seg i tid og rom, endringar vi kan observera både globalt og lokalt. I Noreg, som i mange andre land, vart mange artar over lang tid etterstrebe og jakta, for ein del artar ned til låge bestandsnivå og til og med til utrydding. I Noreg har vi mange døme på dette, mellom anna for fleire artar gås som har vore ettertrakta jaktobjekt. På 1970-talet var artar som kvitkinngås og ringgås (Svalbard-populasjonar) sterkt i fokus på grunn av små og nedgåande bestandar. Også den norske grågåsbestanden var inne i denne diskusjonen, mellom anna på grunn av eit sterkt jaktpress i vinterkvarteret i Spania. Sjøfuglundersøkingar på 1950-talet hadde vist at arten nesten var ute av Vestlands-regionen som hekkande art, ein status som allereie for nesten 100 år sidan vart omtalt i same ordelag, dvs. som ein nesten utrydda art på Vestlandet (jf. Wilman 1929). Situasjonen var liknande heilt fram til inn på 1970-talet, då bestanden ser ut til å vera i svak vekst, til dømes i Hordaland (jf. Håland 1979). Situasjonen og utviklinga elles i Europa var liknande (Cramp 1977, Kear 2005). I Noreg heldt den positive utviklinga fram frå 1980-talet av, og grågåsa har gjennom dei siste 10 åra inntatt kysten sin varierte skjergard, og etter kvart med spreiding innover i fjordane våre. Nasjonalt auka bestanden i denne perioden frå nokre få 1000 par (hovudsakleg med utbreiing nord for Stadt og i Nord-Noreg), til rundt 8 000–10 000 par midt på 1990-talet (DN 1996). Tjue år seinare vart bestanden vurdert til det doble, mellom 16 000 og 18 000 hekkande par. Eit nytt bestandsestimat (modellert) vart publisert i 2024 (Sørensen mfl. 2024), med ein norsk haustbestand på 145 000 grågjess (115 000 til 175 000), noko som tilseier ein samla hekkebestand på 20 000–21 000 par. Utviklinga i Europa har vore parallell, med eit estimat i 2014 på 930 000 grågjess (jf. Fox & Madsen 2017); det same var vinterbestanden i Europa i 2024 (932 000), jf. Sørensen mfl. (2025). Utviklinga i gåsebestandane har vore liknande for dei fleste andre gåseartar/populasjonar, men med fleire klare unntak (dvergås, ringgås, sædgås).

Den positive utviklinga i gåsebestandane har vorte vurdert som ein stor suksess i naturforvaltinga nasjonalt og internasjonalt, og regionalt (Vestlandet) har vi fått tilbake ein art som naturleg høyrer heime i fuglefaunaen vår. Årsaka til reetablering og bestandsauke er knytt til 1) regulering av jakt internasjonalt (og nasjonalt), 2) oppretting av verneområde og ikkje minst 3) endring i landbruket som har gjort det mogleg med endring i dietten til gåseartane, dvs. overgang frå beiting på naturleg førekomande vegetasjons- og planteartar, til beiting på kulturmark (gras eller ulike kulturplantar). Endringar i klima med lengre vekstsesongar og tidlegare vår er òg medverkande økologiske faktorar bak dei til dels store bestandsaukingane hjå gjessene (Ramo et al. 2015). Denne omlegginga av natur- og beitegrunnlag og endra forvaltingsregime har gjeve store og aukande gåsepopulasjonar, og med dette nye utfordringar, særleg i høve til jordbruket og beiting på eng og innmark. Talet på klagar frå bønder har auka, grunngjeve i auka beitetrykk frå gjess og tilknytt tap av avlingar. Dette har skjedd langs heile kysten, frå Østfold til Finnmark, inkludert regionalt (Vestlandet) og lokalt (Øygarden kommune). Konflikten med landbruket starta i Midt- og Nord-Noreg alt på 1980-talet, også knytt til aukande flokkar av kvitkinngås og kortnebbgås på trekk til hekkeområda på Svalbard, men etter kvart har òg den store auken i dei hekkande grågåsbestandane blitt den største utfordringa, sett for landet under eitt.

I Hordaland utarbeidde Fylkesmannen den første overordna forvaltningsplanen (i 2008), med oppmoding om at kommunar som husa gåsebestandar, utarbeidde eigne, lokale

forvaltningsplanar. Øygarden kommune har i ein del år hatt utfordringar med beitande grågjess i fleire landbruksområde, og behovet for ein forvaltningsplan har vore til stades. Planen som no ligg føre, skal gjelda for perioden 2026–2030. Målet med planen, og eit nytt kunnskapsgrunnlag (NNI-rapport 709), er at han skal gje rammer for forvaltinga av grågås i Øygarden kommune, og peika ut mål og strategiar som kan bidra til å løysa utfordringar og lokale konflikhtar med beitande grågjess (fig. 1). Forvaltningsplanen skal vera eit verktøy for kommunen og grunneigarar/rettshavarar, i eit samarbeid om forvaltinga av kommunen sin bestand av grågås. I tillegg til nasjonale mål med omsyn til å ta vare på ville artar, jf. nml §4 og §5, skal planen skildra verkemiddel og tiltak som kan nyttast innanfor ramma av nasjonalt lovverk og internasjonale avtalar. Eit av hovudmåla i den nye planen for grågås i Øygarden kommune er at temaet gåsebeiting–landbruk, inkludert lokalt tap av fôrressursar, skal handsamast med grunnlag i vedtekne føringar i planen.



Figur 1 – Grågås Anser anser. Foto: A. Håland©

Rammer for forvaltinga av gås

Forvalting av gåseartar går føre seg innanfor rammene av internasjonale og nasjonale lover og avtalar, dvs. ulike konvensjonar, lover og forskrifter. Alle gåseartane som reproduserer i Noreg, trekkjer fast eller jamleg mellom ei rekkje europeiske land, dvs. gress høyrer forvaltingsmessig til eit internasjonalt samfunn, men er primært styrte av nasjonale lover og føringar. Unntaket er kanadagås, som er ein utsett art i Noreg, dvs. ein framand art, og dermed underlagt eit eige forvaltingsregime (kanadagås er lista som framand art med høg risiko (SE) i Noreg, jf. Artsdatabanken (2023)).

Internasjonale rammer – konvensjonar og avtalar

Gåsebestandane er ein viltressurs som vi deler med ei rekkje europeiske land, noko som inneber at forvaltinga vår skal vera i tråd med inngåtte internasjonale avtalar og konvensjonar.

Alle gåseartar, med unntak av dei som vert rekna som framande artar, er omfatta av slike internasjonale konvensjonar og avtalar som Noreg har slutta seg til, slik som:

- Bonnkonvensjonen. Avtale om vern av trekkjande artar av ville fuglar.
- Vassfuglavtalen. Regional avtale under Bonnkonvensjonen som omfattar vern av trekkjande vassfugl.
- Bernkonvensjonen. Den europeiske naturvernkonvensjonen.
- Ramsarkonvensjonen. Vedtekne retningslinjer for vern av viktige våtmarksområde av internasjonal tyding.
- Biodiversitetskonvensjonen. Vedtekne retningslinjer om bevaring og bruk av biologisk mangfald.

Dei relevante rammevilkåra og konsekvensane for forvaltinga av grågås er samanfatta i rapporten DN-rapport 1996-2 (no: Miljødirektoratet). Avtalar og konvensjonar pålegg Noreg forpliktingar som påverkar forvaltinga vår av gåseartane. Avtalane inneheld samstundes ulike føresegner om unntak, særleg i høve til artar eller individ som gjer skade. Dette gjev rom for tiltak dersom det vert ført kontroll med metodane, og effektane av tiltaka kan dokumenterast. Dei inngåtte avtalane vert tekne omsyn til på nasjonalt nivå når jaktidsrammer/jakttider og andre nasjonale føresegner vert fastsette. Dette internasjonale (og nasjonale) bakteppet er difor førande for gåseforvaltinga regionalt og lokalt. For grågås er det utarbeidd ein eigen internasjonal forvaltningsplan (Powolny mfl. 2018).

Nasjonale rammer

I tillegg til dei ulike internasjonale avtalane finst nasjonale føresegner og retningslinjer for forvalting av viltlevande artar som gress.

Lov om naturmangfald (Naturmangfoldloven)

Naturmangfoldlova (NML) vart vedteken i 2009 og vart det nye overordna lovverket for forvalting av norsk natur, økosystem og artar. Naturmangfoldlova er dermed det styrande lovverket for norsk viltforvalting og har følgjande forvaltningsmål for artar. I §5 i NML er fleire forvaltningsmål for artar fastsette.

Målet er at artane og det genetiske mangfaldet deira vert tekne vare på på lang sikt, og at artane førekjem i levedyktige bestandar innanfor sine naturlege utbreiingsområde. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet, vert òg artane sine økologiske funksjonsområde og dei øvrige økologiske føresetnadene som dei er avhengige av, tekne vare på. Forvaltningsmålet etter første ledd gjeld ikkje for framande organismar.

Naturmangfaldlova har òg mange andre føringar som rører ved forvaltning av artar, jf. lovtekst på Lovdata.no: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100>, men detaljar er ikkje tekne med her.

Lov om jakt og fangst av vilt (Viltlova)

Viltlova vart justert ein del etter vedtaket av NML i 2009, og §1 – lova sitt føremål, lyder per i dag slik:

«Viltet og viltets leveområder skal forvaltes i samsvar med naturmangfoldloven og slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares.

Innenfor denne ramme kan viltproduksjonen høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv.»

Ei oversikt over føresegner i viltlova finst her:

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-05-29-38/KAPITTEL_1#KAPITTEL_1

Frå 01.07.2026 trer ein ny lov i kraft som erstattar dagens viltlov. Denne heiter viltressursloven. Lova sitt føremål, lyder per i dag slik:

«Lovens formål er å sikre at forvaltning av viltressursene gjennom jakt, fangst, felling og annen håndtering av vilt skjer på en bærekraftig og forsvarlig måte, i samsvar med naturmangfoldloven og dyrevelferdsloven.»

Utøvinga av jakt vert regulert av forskrift om utøving av jakt, felling og fangst:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2002-03-22-313>

Jakttidsrammer og jakttider for gås

Rammene for utøving av jakt er styrte gjennom viltlova og forskriftene hennar. I «Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktsesongen frå og med 1. april 2022 til og med 31. mars 2028» er det fastsett jakttid for grågås og kortnebbgås, samt dei innførte artane kanadagås og stripegås (tab. 1). Gåseartar som ikkje har jakttid, er det ikkje tillate å jakte på.

Tab. 1. Jakttider for jaktbare gåsearter i Noreg. Periode 2022–2028. Kjelde: Miljødirektoratet.

Art	Jaktstart*	Jaktslutt	Enkelte unntak	Tidligjakt - utvidet jakt**	Skadefelling
Grågås	10. august	23. desember	Nord-Norge	Statsforvalteren*	Kommune
Kortnebbgås	10. august	23. desember	Nord-Norge	Statsforvalteren	Kommune
Kanadagås	10. august	23. desember	Sørlandet**	Fylkeskommunen	Kommune
Stripegås	10. august	23. desember	Sørlandet**	Fylkeskommunen	Kommune

*: Den frie jakten på havet fra 10. sept. **: Forutsetter godkjent forvaltningsplan

Sanking av egg og dun

Grunneigar eller brukar kan sankta egg av grågås i perioden fram til 15. april. Når det gjeld kanadagås og stripegås (framande artar), kan sanking gå føre seg fram til 1. juli. For grågås kan Statsforvalteren gje løyve til sanking av egg også etter 15. april, men då berre på grunnlag av ein godkjend forvaltningsplan (jf. omtale av avbøtande tiltak ved beiteskadar på innmark – lokal bestandsreduksjon). For snøgås gjeld same periode som for kanadagås og stripegås, men berre frå svenskegrensa til Agder, samt i Innlandet fylke.

Forskrift om skadefelling av gås

Når det gjeld felling av vilt som gjer skade, kan Miljødirektoratet gje forskrifter om felling av bestemte viltartar i nærare fastsette tilfelle, utan omsyn til freding og jakttider (sjå naturmangfaldlova § 18). Ny og utvida forskrift vart vedteken våren 2020, jf.:

https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-04-01-565/KAPITTEL_3#KAPITTEL_3

Den nye forskrifta avløyste ei tilsvarande forskrift frå 1997. Føremålet med forskrifta er å forvalta viltet i samsvar med naturmangfaldlova og ho har eit vidare verkeområde enn den gamle forskrifta, som i større grad omhandla skadefelling av vilt meir spesifikt. Forskrifta gjeld for alle viltartar, med nokre unntak. Vilkår for skadefelling er gjevne i § 3-3, som lyder:

- A: Skaden er eller kan bli av vesentlig økonomisk betydning.
- B: Skadeforebyggende tiltak er i rimelig utstrekning forsøkt, vurdert ut fra hvilke verdier som skal beskyttes og kostnadene ved alternative tiltak.
- C: Uttaket rettes mot skadegjørende individ.
- D: Uttaket er egnet til å stanse eller vesentlig begrense skadesituasjonen.
- E: Uttaket ikke truer bestandens overlevelse

Forskrifta gjev ei rekkje føringar når det gjeld avgjerdsmynde og vedtak om skadefelling, mellom anna at den skadelidne skal levera skriftleg søknad om løyve til skadefelling av dei aktuelle artane. Forskrifta er opphavleg heimla i viltlova § 14, medan den nye forskrifta er heimla i naturmangfaldlova § 18. Skadefelling som avbøtande tiltak er nærare drøfta i eit seinare kapittel i planen. Med unntak av Finnmark er det kommunane som forvaltar løyve til skadefelling av grågås. Når det gjeld framande artar som kanadagås og stripegås, kan den skadelidne fella individ dersom særlege vilkår i § 3-3 er oppfylte.

Gåseartar i Noreg – og lokalt

Forvaltningsplanen omhandlar gress som artsgruppe. Gåseartane høyrer til ei gruppe av andefuglar, som òg omfattar svanar og ender (grasender, dykkender og sjøender). Litt tilbake i tid var det tre artar som var aktuelle som hekkande artar på fastlandet i Noreg, nemleg grågås *Anser anser* (langs kysten), sædgås *A. fabilis* og dverggås *A. erythropus* (innlandet i nord). Tre andre artar, kortnebbgås *A. brachyrhynchus*, ringgås *Branta bernicla* og kvitkinngås *B. leucopsis*, hekka alle med livskraftige populasjonar på Svalbard. Populasjonane av kortnebbgås og kvitkinngås har auka kraftig dei siste 10 åra, men har dei siste åra vorte reduserte etter auka jakt og internasjonale avtalar (kortnebbgås), eller etter nylege, store utbrot av fugleinfluenta, til dømes for kvitkinngås (Svalbard-bestanden), som på kort tid tapte 30 % av heile vinterpopulasjonen (i Skottland).

Grågås (øverst) Dverggås (nedst)	Kortnebbgås (øverst) Tundragås (nedst)	Sædgås (øverst) – 2 artar nå Stripegås (nedst)

Figur 2 – Seks gåsarter i slekten *Anser* – de grå gjessene. Kjelde: Wikipedia.

Hvitkinngås	Ringgås	Kanadagås


Figur 3 – Tre gåseartar i slekta *Branta* – dei svarte gjessene. Kjelde: Wikipedia

I nyare tid har det skjedd endringar i norske gåsepopulasjonar med omsyn til utbreiing og storleik på bestandane. Særleg er etableringa av kvitkinngås i Oslofjorden og vidare langs kysten vestover verd å nemna. Arten hekka for første gong i Bergen kommune i 2024

(Håland 2024). Dei sørlege hekkebestandane i Nord-Europa vart rekrutterte frå arktiske/russiske kvitkinngjess (først i Austersjøen, sidan med stor spreiding til fleire land, Noreg inkludert). I Oslofjorden vart det òg sett ut nokre kvitkinngjess. Elles har tundragås *A. albifrons* (fig. 2, 4), i første rekkje frå den austlege underarten (hekkar i Sibir), overvintra langs kystane våre. Tundragås vitja i januar 2025 fleire område i Øygarden.



Figur 4 – Sibirske tundragjess besøkte Øygarden i januar 2025. Foto: A. Håland©




Figur 5 – Taigasædgås i Breivik, september 2025. Arten er nasjonalt raudlista. Foto: A. Håland©

I tillegg til dei naturleg førekomande gåseartane er fleire artar sette ut i Noreg, fyrst og fremst kanadagås *B. canadensis*, men òg noko snøgås *A. caerulescens* (i Oslofjorden – i mindre tal). Stripegås som stammar frå utsetjingar i Europa, vert òg observerte, men generelt i lite tal. Etter 60 år har kanadagåsa etablert seg godt i Noreg, men utan nokon større auke dei siste 10 åra (til dømes på Vestlandet, jf. Håland 2024). Det er få observasjonar av kanadagås i Øygarden dei siste 10 åra, og arten hekkar truleg ikkje. Kanadagås og stripegås er lista som framande artar med eige forvaltingsregime, sist vurderte i 2023. Når det gjeld sædgås, er denne no delt i to artar, taigasædgås og tundrasædgås. Ein flokk med taigasædgås vitja Breivik, Ona i september 2025 (fig. 5). Arten er no raudlista i Noreg. I januar 2025 vitja ein noko større flokk med tundragås Øygarden (fig. 4). Desse gjessene hekkar på tundraen i Sibir. På hausten, i september 2025, vart taigasædgås, kortnebbgås og grågås observerte i same området i Breivik, Ona, men i små flokkar. Mildare vintrar, og ofte snøfrie marker, er ein av årsakene til at vi kan oppleve fleire ulike gåseartar i kulturmarkene langs den varierte kysten på Vestlandet.

Grågås i Øygarden, bestandar, trendar og områdebruk

Bestand og områdebruk i Øygarden kommune

Enkelte par grågås vart observert i øynaturen langs vestsida av Øygarden på 1970-talet, men dei første sikre hekkfunna er frå midten av 1980-talet. Etter dette voks bestanden og etablerte seg fleire stader, men med stor variasjon innanfor kommunen. Ny kartlegging i 2025 og analyse av eit stort materiale med artsobservasjonar er utarbeidde som faggrunnlag for planen (jf. NNI-rapport 709). Rapporten viser eit bilete der tyngda av grågås (både hekkande par og ikkje-hekkjande, yngre fuglar) ligg nord i Øygarden kommune, med eit tyngdepunkt på Alvøy (sone Ø3), jf. fig. 6 og tab. 2. Bestanden er samla sett aukande, men med ulik utvikling i ulike delar av kommunen.



Figur 6 Kartlegging av grågås i 2025, samt analysar av tilgjengelege artsdata, synte kvar grågås finst i Øygarden kommune, i kartet fordelt på 17 soner. Tyngdepunktet ligg i nord (fylte sirkel), med mindre, lokale bestandar sørover (open stor sirkel), elles med små førekomstar (liten, open sirkel). Kjelde: NNI-rapport 709 (2025).

Eitt av måla med arbeidet i 2025 var å få ei god oversikt over kvar i Øygarden grågjess er etablerte, både som hekkefuglar og/eller der flokkar med ikkje-hekkjande gjess ofte beitar. Med utgangspunkt i analysar av både eksisterande observasjonar av grågås og nytt feltarbeid i 2025 (frå februar til august), er det utarbeidd estimat for alle dei 17 sonene i Øygarden (fig. 7). Estimata har ulik grad av tryggleik; best er grunnlaget frå «gamle Øygarden» kommune, som òg har hatt hekkande grågås i mange tiår. Ei samla oversikt er vist i tab. 2, med estimat på: 1) tal hekkande par og 2) nivået på talet gjess som beitar i kvar einskild sone. Sistnemnde tal kan variera mykje, særleg på grunn av mobile, ikkje-hekkjande grågjess, som ofte flyttar seg mellom ulike beiteområde.

Tab. 2. Oversikt over førekomst av grågås i 17 soner (fig. 6) i Øygarden kommune, både for talet på hekkande par og nivået av vaksne grågjess samla. Høgt tal skuldast truleg tilførsel frå andre område utanfor sona, jf. NNI-rapport 709 (2025).

Sone	Navn	Antall par	Antall gjess	Egen obs i 2025	Kommentar
1	Ø1 Lyngøy, Hernar & Nordøyane	20	40	Ikke dekket	
2	Ø2 Seløy, Hellesøy og Forhjelmo	12	60	Ikke dekket	Kun Hellesøy-området
3	Ø3 Alvøy	30	300*	300	Kulturmark, vann og sjø
4	Ø4 Ona – Herdlevær	5	30	< 25	Kulturmark, vann og sjø
5	Ø5 Blomøy	10	40	10	Kulturmark og vann
6	Ø6 Rongøy	5	25	Ingen	Kulturmarker
7	Ø7 Toftøy, Misje til Turøy	8	40	17	Kulturmarker
8	F1 Angeltveit vest	0	10	Ingen	Kulturmarker
9	F2 Algrøy, Lokøy og Syltøy	5	30	Ingen	Kulturmarker
10	F3 Fjell	0	20	8	Kulturmarker og vann
11	F4 Ågotnes	2	15	Ikke dekket	
12	F5 Knappskog til L. Sotra	0	0	Ikke dekket	Noe kulturmark dekket
13	F6 Bjørøy og Tyssøy	2	20	Ingen	Tyssøy befart
14	S1 Telavåg	0	15	Ingen	Kulturmarker
15	S2 Sund SV	5	35	32	Kulturmarker, vann og sjø
16	S3 Sund øst	0	5	Ingen	Kulturmarker
17	S4 Lerøy og Bjelkarøy	0	5	Ikke dekket	
	Samlet	104	690		

Samla hekkebestand i Øygarden ligg kring 100 par, kanskje noko høgare på grunn av manglande feltdata frå nokre område. Talet på vaksne gjess ligg på rundt 600 individ, men det samla talet (690 individ) etter oppteljingar, mellom anna på Alvøy, er noko usikkert ettersom eit høgt tal gjess i mai 2025 truleg skuldast tilførsel av ikkje-hekkjande gjess frå andre område. Sett i eit regionalt perspektiv er bestanden i Øygarden kommune truleg den høgaste i fylket sør for Sognefjorden. Situasjonen langs kysten lenger nord i fylket er per i dag usikker. Detaljar om einskildområde og soner finst i NNI-rapport 709 (2025).

Mål og tiltak i forvaltningsplanen

Norske fuglar og dyr vert forvalta etter ulikt lovverk, i første rekkje etter naturmangfaldlova (NML) og viltlova, dvs. lokale forvaltningsmål må vera i tråd med nasjonalt lovverk og tilhøyrande forskrifter. For Vestland har forvaltningsmål for viltartar eit grunnlag i nasjonale føringar (DN 1996), jf. òg Fylkesmannen i Hordaland (2008) når det gjeld gåseartane våre. Grågås er ein naturleg førekomande art i norsk natur, med utbreiing langs heile kysten, frå Østfold til Finnmark. På Vestlandet ligg hovudtyngda langs kysten, men over tid har det skjedd ei spreiding og ein aukande hekkebestand innover i fjordane, samt til enkelte låglandsvassdrag. Mål og tiltak i forvaltningsplanen er gjevne med grunnlag i oppdatert kunnskap om grågås i Øygarden kommune.

Overordna mål i artsforvaltinga

Naturmangfaldlova (NML) har ei generell målsetjing om at artar skal sikrast livskraftige bestandar innanfor sine naturlege utbreiingsområde. Tilsvarande skal leveområda til artane forvaltast slik at den naturlege floraen og faunaen kan bestå i eit langsiktig perspektiv. Overordna forvaltningsmål for grågås i Øygarden er difor å sikra ein livskraftig bestand innan kommunegrensene. Når det gjeld kanadagås, som ein framand art, er det gjeve eigne føringar fastsette i forskrift, men denne arten er i 2025 eit mindre aktuelt forvaltingsobjekt i Øygarden kommune.

Kunnskapsbasert forvalting

I tråd med NML § 8 skal norsk naturforvalting utøvast kunnskapsbasert. Eit delmål er difor at forvaltinga av grågås i Øygarden skal byggja på god kunnskap om storleiken på dei lokale bestandane og om området- og habitatbruken til gjessene. Kunnskapsstatus med omsyn til utbreiing, bestandsstorleik, bestandstrend og områdebruk er utarbeidd og difor skildra i ein ny rapport (Håland 2025 – NNI-rapport 709). Ved slutten av forvaltingsperioden (2026–2030) er det eit delmål at kunnskapsstatusen skal oppdaterast i ein ny fagrapport ved neste revisjon av planen. Kartlegging av grågås og tilhøyrande områdebruk skal gjennomførast, særleg i område der det er konflikt med jordbruket. Slik kunnskap er viktig når avbøtande og konfliktdepande tiltak skal gjennomførast på det einskilde bruket.

Reduksjon i konflikt med jordbruket

Auke i gåsebestandane nasjonalt, regionalt og lokalt har gjeve utfordringar med omsyn til auka beitetrykk i dyrka mark og medfølgjande avlingstap av gras hos mange gardbrukarar. Det er eit mål at denne konflikten skal reduserast i planperioden ved hjelp av iverksetjing av ulike avbøtande tiltak. Aktuelle tiltak er omtala og utdjupa (sjå nedanfor). Ulike førebyggjande tiltak, der målet er å redusera beiting i slåttemarkar med grasproduksjon, skal gjennomførast før det eventuelt vert gjeve løyve til lokal skadefelling av grågås, jf. krav fastsette i forskrift frå 2020. Skadefelling i hekketida utfordrar dei generelle krava i viltlovverket til vern i yngle- og hekketid, og vert i dag rekna som det siste tiltaket i «verktøykassa». Det er òg fastsett i forskrift at skadefelling ikkje skal brukast som eit bestandsreducerande tiltak, men skal i konkrete tilfelle kunna nyttast der konfliktnivået er høgt og andre tiltak har vore lite verksame. Over tid er ei rekkje ulike tiltak prøvde ut med varierende resultat, noko som òg er dokumentert gjennom forskning. Evaluering av tiltak, og oppfølgjande forskning, er naudsynt dersom avbøtande forvaltningstiltak skal vera reelle og gode. Mange avbøtande tiltak er moglege, men må målrettast i den enkelte saka. Eit av

hovudmåla i planen er at konfliktnivået med omsyn til beiting i slåttemarkar med grasproduksjon skal reduserast til eit akseptabelt nivå, utan at andre hovudmål fastsette i planen vert påverka negativt. Dette inneber å finna ein balanse mellom å oppretthalda ein livskraftig, lokal grågåsbestand i Øygarden kommune (jf. nml) og eit akseptabelt skadenivå i jordbruket.

Tilrettelegging for gåsejakt – hausting av lokale og trekkjande bestandar

Grågås (og kanadagås) er relativt stort fuglevilt, og det er eit nasjonalt mål at jakt er det viktigaste verkemiddelet når viltbestandar vert vurderte til å vera for store og skapar utfordringar eller konfliktrar. Eit aktuelt delmål i planen er difor at det i planperioden vert vurdert tiltak og aktivitetar med omsyn til å auka tilbodet om gåsejakt i Øygarden kommune. Ordinær jakt er definert som eit viktig verkemiddel i den nasjonale bestandsforvaltinga av grågås, men det er viktig at krava i viltlova om ei berekraftig hausting av viltbestandane kan oppfyllest. Grågås i Øygarden i jaktperioden omfattar både lokalt hekkande grågås og gjess som trekkjer sørover frå dei nordlege hekkebestandane våre.

Tiltak for auka gåsejakt krev samarbeid og kompetansebygging både hjå rettshavarar og jegerar, då jakt på gås kan vera krevjande. I Noreg vert det arrangert ulike kurs som kan bidra både med kunnskap om gås og om korleis gåsejakt kan gjennomførast i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. I dette perspektivet er kunnskap om storleiken på gåsebestanden, utvikling og reproduksjon viktig, ettersom berekraftig hausting av overskotet er eit sentralt premiss i norsk viltforvalting, jf. dagens situasjon i Øygarden kommune med ein god (og aukande) hekkebestand. Jakt på grågås i regionen kan òg rettast mot trekkjande gjess som kjem frå større (nordlege) delpopulasjonar, og som kan vera meir tilgjengelege då hausttrekket i aukande grad går seinare.

Ei generell utfordring i lokal utøving av gåsejakt i Noreg er at gjessene kjem tidlegare til hekkplassane, hekkar tidlegare og trekkjer sørover tidlegare, noko som òg gjeld grågjessene i Øygarden. Ein betydeleg del av gjessene tek i dag til med hausttrekket før den ordinære gåsejakta startar 10. august, og lokalt kan mange av gjessene vera ute av dei lokale leveområda sine før jakta kan ta til. Slik kan ordinær jakt falla bort som verkemiddel for å redusera for store, lokale bestandar, der slike finst.

Tidleg jakt i juli

Viltstyresmaktene har, med utgangspunkt i dei ovanfor nemnde tilhøva, opna for utprøving av tidleg jakt som eit verkemiddel for å redusera for store, lokale bestandar. Søknad om tidleg jakt, dvs. å starta jakta inntil 20 dagar før ordinær jaktstart (per i dag 10. august), skal godkjennast av Statsforvaltaren og må vera basert på ein godkjend, kommunal forvaltningsplan. Det er mange føringar knytte til utøving av lokal tidleg jakt, det vil seia at det vert gjeve føringar med omsyn til spesifikke jaktområde og avgrensing av jakttid. Eit løyve til tidleg jakt vil spesifisera alle slike forhold, med omsyn til kvar og når slik jakt kan utøvast.



Figur 7 – Grågjessene tek raskt til vengjene når dei vert jaga, men kan koma fort attende dersom beitemarkene er attraktive. Foto: A. Håland©

Avbøtande tiltak for å redusere avlingstap

Etter ein til dels stor auke i grågåsbestanden langs norskekysten har auka beitetrykk på innmark (og beitemark) vorte eit sentralt tema i den nasjonale gåseforvaltinga. Tap av grasproduksjon og klagar frå råka gardbrukarar har gjort behovet for avbøtande tiltak til ein sentral del av den lokale forvaltinga av gås. I det følgjande vert dei mest aktuelle verkemidla med omsyn til avbøting kort drøfta. I tråd med føringane i skadefellingsforskrifta skal alle ikkje-letale tiltak først vurderast, og om mogleg setjast i verk før skadefelling vert godkjend som eit lokalt tiltak. Avbøtande tiltak kan delast inn i fire hovudgrupper: 1) tiltak for å halda gjess borte frå innmark og beitemark (ulike former for skremming og avvising), 2) tiltak for å redusera talet på gjess lokalt, i hovudsak gjennom reduksjon i ungeproduksjon, 3) skadefelling i konkrete område der andre tiltak ikkje verkar (men er prøvde ut), og 4) ikkje minst ordinær hausting av bestanden gjennom jakt (inkludert innføring av tidleg jakt knytt til godkjend forvaltningsplan). I det følgjande vert dei ulike tiltaka kort drøfta.



Figur 8 – Slåtte- og beitemarker er dei føretrekte beiteområda til grågåsa i kystnaturen. I mai 2025 vart nær 300 grågjess talde opp i sone Ø3 på Alvøy, mellom anna ein del på Harkestad, der gjessene beita saman med sauer. Foto: A. Håland©

Aktiv skremming av beitande gjess

Beiting av gjess på innmark, og i andre typar kulturmark der grasproduksjon står sentralt i gardsdrifta, kan medføre avlingstap. Avlingstapet er eit produkt av to hovudfaktorar: 1) talet på gjess som beitar og 2) varigheita av gåsebeitinga. Dette vert gjerne målt i talet på gåsedagar/gåsedøgn, dvs. at omfanget av beitinga er eit viktig tema. Avlingstap vil vera nært knytt til omfanget av beitinga i tid og rom, men i tillegg er tidspunktet for gåsebeitinga òg viktig, dvs. når beitinga skjer i vekstsyklusen til plantane. Større skade kan skje på spirande vekstar om våren enn på plantar i god vekst. Grågås likar til dømes kort vegetasjon betre enn lange vekstar, som utvakse gras, men dei beitar òg i utvaksen eng. Grasproduksjonen er difor

i varierende grad sårbar for stort beitetrykk frå gjess. For å redusera omfanget av beitinga, eller fjerna ho heilt, er det første og viktigaste tiltaket å halda gjessene borte frå grasareal der dei er uønskte. Skremming har vist god effekt i fleire studiar, medan andre studiar syner at dette føreset gjenteken og til dels hyppig skremming for å vera effektiv over tid, dvs. at skremming som verkar, krev stor og jamleg innsats. Dersom skremming skal ha ønskt effekt, syner erfaringar frå ulike studiar langs norskekysten (og i utlandet) at det er viktig at gjessene har tilgang til friområde der dei kan slå seg ned og gjennomføra normal beiteåtfærd i fred og ro. Lokale tilhøve vil påverka om dette er tiltak som gjev ønskt og varig effekt. I Øygarden er det ein del kulturmarker som har mindre betydning for landbruket, som grågjessene beitar i, og som kan få funksjon som friområde.


Aktiv skremming kan krevja mykje tid, dvs. at gjennomføring som gjev ønskt verknad kan verta ei utfordring for gardbrukaren. Eit lokalt tiltak kan difor vera å læra opp personar, til dømes ungdom mot godtgjersle, slik at skremming kan utførast hyppig på areal der gjess gjer skade og er uønskte. Skremming som reduserer omfanget av gåsebeitinga, vil direkte redusera avlingstapet, sjølv om ikkje all gåsebeiting opphøyrer lokalt. Skremming og reduksjon av uønskt gåsebeiting vil difor vera eit vedvarande og viktig tiltak for gardbrukaren så lenge grågås (eller andre artar) er ein del av den lokale fuglefaunaen (jf. det overordna målet om livskraftige viltbestand ar). Effektiviteten av skremming er, som nemnt, knytt til at gjessene har friområde å flytta seg til. Skremming kan medføra at gjessene flyttar seg til andre slåttemarkar der dei òg er uønskte. Tilrettelegging av friområde krev difor lokal organisering og god samordning, der gardbrukarane står sentralt, og ikkje minst god kunnskap om kvar gjessene over tid beitar. Når det gjeld friområde i jakttida, er dette drøfta i eige kapittel i planen (sjå nedanfor).

Bruk av ulike verkemiddel ved skremming

Over tid har det vorte prøvd ut ei rekkje metodar for å auka effekten av skremming, både ved bruk av fysiske strukturar (fugleskremsel, rovdyrmodellar m.m.), bruk av lyd (lydkanonar, knallskot osv.), eller i nyare tid bruk av laser (krev spesialløyve for å nyttast) og òg drone. Erfaringane frå «vanleg skremming» eller enkle verkemiddel er at responsen frå gjessene ofte minkar relativt raskt, men kombinasjon av ulike verkemiddel og ulike skremmetiltak kan auka den ønskje effekten. Gjess er intelligente fuglar og lærer raskt kva som utgjer ein reell fare, og kva som ikkje gjer det. Tilsvarende er erfaringane med bruk av farga band (som vert spente opp i eng ein ønskjer å verna) av avgrensa effekt. Nokre artar, til dømes kvitkinngås, har likevel synt seg å reagere med unngåing på slike tiltak, men dette gjeld ikkje grågås. Årsaka er at kvitkinngåsa ofte flyg inn på beiteområdet, medan grågjessene ofte går fram til området (ofte frå sjø eller vatn). Dømet illustrerer at det kan vera markante skilnader mellom artar med omsyn til korleis dei reagerer på ulike tiltak. Variasjon i type tiltak og type skremming kan difor vera viktig for å oppnå ein brukbar skremmeeffekt. Her er det viktig å peika på at lokal erfaring, som vert bygd opp over tid, er av stor verdi. Eit viktig perspektiv er at skremmetiltak i enkelte område kan vera negative for andre artar som ein ikkje ønskjer å forstyrre eller skemma i hekkeperioden, til dømes sårbare og truga artar. Omsyn til andre artar er regulerte i viltlova, naturmangfaldlova (§ 6) og lov om dyrevelferd, dvs. slike verknader må vurderast når ulike tiltak skal prøvast ut eller gjennomførast lokalt.

Inngjerding mot gjess

I tillegg til skremming av gjess frå eng og beitemark er ulike fysiske tiltak både prøvde ut og evaluerte i gåseforvaltinga over tid. Forsøk har vist at fysisk inngjerding kan vera effektivt, men dette tiltaket verkar i første rekkje for 1) gjess med ungekull (som ikkje flyg inn til beiteområda), eller 2) for mytande gjess som heller ikkje kan flyga (i om lag tre veker i juni/juli). Dei lokale tilhøva må vera eigna for etablering av «gåsegjerde», til dømes i område der gjess går direkte frå sjø eller vatn og rett inn på dyrka mark eller beitemark. Det er viktig at gjerdet er av rett type, slik at gjessene ikkje kjem seg gjennom gjerdet eller finn andre «smotthol». Brukt rett og på rett stad vil inngjerding vera eit effektivt tiltak, ikkje minst med tanke på å redusera omfanget av gåsebeitinga. Gåsungar treng om lag 70 dagar før dei når flygedyktig alder, dvs. det er ein lang periode der dette tiltaket kan ha ønskt verknad lokalt. Der det er mytande gjess parallelt med hekkande gjess med ungekull, vil inngjerding kunna ha god effekt på begge gruppene av fugl. Inngjerding kombinert med skremming kan forsterka verknaden av slike tiltak. Der slåttemark grensar mot sjø eller ferskvatn, kan avsetjing av ei stripe mark utanfor inngjerda slåttemark vera eit viktig tillegg, der gjess kan beita i eit visst omfang. Dersom talet på gjess er lågt, kan slike «gåsestriper» vera tilstrekkelege for å løysa lokale konflikhtar.



Figur 9 – I den perioden grågjessene har ungekull, kan inngjerding ha god effekt med omsyn til å redusera beiting i viktige slåttemarkar. Foto: A. Håland©

Friområde for gjess i hekkeperioden

For å redusera omfanget av uønskt gåsebeiting har etablering av friområde vore eit viktig avbøtande tiltak i norsk og internasjonal gåseforvalting. Som nemnt er ein kombinasjon av skremmeområde og friområde ein viktig strategi, men truleg ikkje like enkel å gjennomføra i alle område. Arbeidet med denne typen tiltak må evaluerast fortløpande av den som utfører arbeidet, i samarbeid med aktuelle gardbrukarar. I kombinasjon med skremmetiltak og inngjerding kan tiltaka ha god samla verknad med omsyn til å redusera omfanget av beiting og dermed redusere avlingstapet i vekstsesongen. Kvar og kor mange friområde som skal etablerast som ein del av forvaltningsplanen, er usikkert. Bestanden i Øygarden kommune varierer mykje mellom dei nordlege og sørlege delane av kommunen, men nye område med grågås har kome til i Fjell og Sund dei siste åra. Situasjonen kan òg endra seg i planperioden (2026–2030), dvs. at prinsippet om adaptiv forvalting trer i kraft. Å finna funksjonelle friområde for gjess må difor vera ein prosess der areal og område vert prøvde ut, og eventuelt endra over tid dersom dei ikkje fyller funksjonen sin. Lokale bondelag er eit godt forum for å utarbeida slike tiltak. Utan friområde kan hyppig skremming og jaging raskt flytta

problemet til slåtte- og beitemarker hjå naboen. Samarbeid og koordinering er difor viktig dersom slike tiltak skal lukkast. I tillegg er det viktig med god kunnskap om gjessene sin lokale områdebruk (jf. Håland 2025), og ikkje minst om kva kategori gjess som er involverte (ungfuglflokkar eller hekkande par med ungekull).

Friområde for gjess i jakttida

Friområde er òg viktige element i jakttida, inkludert eventuell tidleg jakt. Erfaringar frå andre område i Noreg syner at friområde er viktige for å auka det lokale jaktutbyttet. Dersom det vert jakta hardt og samstundes i alle beite- og rasteområda til gåsa i jaktperioden, kan dei fleste eller alle gjessene raskt trekkja ut av kommunen, og moglegheitene for jakt og hausting utover ein kort periode verta avgrensa. Ordinær jakt startar 10. august, og eventuelt 20 dagar før dette ved forvaltningsmessig godkjend tidleg jakt. Å finna fram til eventuelle friområde må baserast på lokal kunnskap og lokale ønskje, til dømes i regi av Bondelaget eller lokale grunneigarlag, i samarbeid med kommunen si landbruksetat. Her er dagens kunnskap om kvar grågjessene beitar viktig, dvs. erfaringar frå eigne bruk og i eigen bygd.

Sanking av egg

I samsvar med gjeldande lov og forskrift har grunneigar rett til å sankar egg fram til 15. april, eller lenger etter søknad og godkjenning frå Statsforvaltaren. Dette tiltaket kan bidra til å senka årets ungeproduksjon og dermed redusera talet på beitande gjess gjennom ein lang periode (opptil 70 dagar). Tiltaket er mykje prøvd ut i Noreg, mellom anna òg som ein del av tradisjon, særleg i Nord-Noreg, der det har vore nytta som matressurs. Ved sanking av egg er det vanleg å leggja att eitt til to egg, slik at ruginga kan halda fram. Eit slikt tiltak kan gje låg lokal ungeproduksjon, og vil difor kunna ha ein bestandsreducerande verknad. Tiltaket kan likevel vera tidkrevjande å gjennomføra, med varierende moglegheiter lokalt. Gjessene gøymar ofte reiret sitt godt, og med få par i eit område kan det vera vanskeleg og tidkrevjande å finna reira. Gåseegg er ein god matressurs, men sanking bør skje tidleg i rugeperioden. Sanking etter 15. april vil lokalt i Øygarden ofte innebera egg med velutvikla embryo, sjølv om enkelte par hekkar seinare enn fleirtalet i den lokale hekkepopulasjonen. Midt i april er rugeperioden komen halvvegs for mange par.

Punktering av egg

Eitt av tiltaka som har vore prøvde ut i stor skala der gåsebestandane er store, er punktering av egg, slik at produksjonen i enkeltreir vert nullstilt. Punktering av egg har òg vore nytta i stor grad mot måkar (då mange bestandar var i sterk vekst på 1960–1970-talet), men òg for fleire gåseartar (grågås, kanadagås) i Noreg, til dømes ved Oslofjorden. Dette tiltaket kan sjåast på som ei «forlenging» av eggsanking, men er på same måte eit tidkrevjande tiltak, då gåsereir ofte kan vera vanskelege og tidkrevjande å finna.

Skadefelling av lokalt beitande gjess

Ved auke i, til dels store, lokale bestandar av hekkande (og trekkjande) gjess, vert ønsket om reduksjon i lokale bestandar ofte fremja av dei skadelidne (gardbrukaren). I prinsippet er det lagt opp til at ordinær jakt skal vera den primære metoden for å halda gåsebestandane på eit ønskeleg og målsett nivå. Felling av gjess utanom ordinær jakttid (frå 10. august), som beitar på innmark og valdar skade i form av middels til stort avlingstap, kan i dag gjennomførast etter vedtak med grunnlag i forskrift (sjå kapittel om juridiske rammer for gåseforvaltninga). I

norsk gåseforvaltning har skadefelling fått eit relativt stort omfang dei siste ti åra, utan at dette har medført synlege reduksjonar i gåsebestandane (ikkje godt dokumentert). Unntak finst der uttaket har vore stort, eller der skadefelling har vore kombinert med andre tiltak. Intensjonen i forskrifta er at dette tiltaket ikkje skal ha eit bestandsreducerande mål; skadefelling skal berre bidra til å redusera avlingstapet og den økonomiske skaden. Avgrensa, men målretta skadefelling kan bidra til å auka effekten av ulike skremmetiltak (sjå ovanfor) og dermed gje ein reduksjon i beitetrykket i lokale slåtte- og beitemarker. Vedtak om skadefelling vert gjorde lokalt i den kommunale viltforvaltinga, og vil vera eit mogleg tiltak der situasjonen krev uttak av gjess ved vedvarande lokal beiting med stort omfang. Kunnskapen om effekten av skadefelling av eit mindre tal gjess i ein lokal bestand er likevel for dårleg dokumentert, noko som bør forbeholdast i den løpande gåseforvaltinga. Lokal forvaltning kan bidra til dette dersom skadefelling vert sett i verk etter søknad og gjeve løyve.

Når det gjeld temaet skadefelling, skal dette ved eventuell løyve ha hovudfokus på felling av ikkje-hekkjande unggås («flokkgå»»). Prinsippet om vern i yngletid og hekketid står sterkt i norsk viltforvaltning. Gjennomføring av skadefelling i hekketida skal òg skje med omsyn til naturmiljøet generelt og til andre artar, særleg der sårbare artar finst i området. Skadefelling skal rapporterast og evaluerast med omsyn til oppnådd effekt, hovudsakleg knytt til reduksjon i omfanget av lokal gåsebeiting. Område med gåsekonflikt skal kartleggjast fortløpande i planperioden, i nært samarbeid med råka gardbrukarar. Kunnskapen om omfanget av lokalt avlingstap skal søkjast betre dokumentert gjennom kartlegging av avlingsskadar, jf. kravet i forskrifta om at vesentleg økonomisk tap må liggja til grunn for eventuelle løyve til skadefelling. Andre forvaltningstiltak skal prøvast før løyve til skadefelling vert gjeve.

Jakt på gås i Noreg og Vestland

Grågås, og fleire andre gåseartar, er jaktbare (jf. kapittel om jaktlov og jakttider). Parallelt med aukande bestand i Noreg har jaktuttaket av gås auka, og har passert 15 000 skotne grågjess (SSB), men utbyttet har vore avtakande i delar av landet dei siste åtte åra (Håland 2024). Tyngda av gåsejakta i Noreg ligg i Trøndelag, knytt til ei målretta tilrettelegging av slik jakt, mellom anna på grunn av utfordringar med store bestandar av trekkjande kortnebbgås (Svalbard-bestanden). På Vestlandet (Hordaland og Sogn og Fjordane, no Vestland fylke) er gåsejakta meir avgrensa. I 2024 og 2025 vart noko over 400 grågjess skotne i Vestland fylke, ned frå ein topp på noko over 700 i 2015 (Håland 2024; SSB). I Øygarden vart 70 grågjess felte i 2023, og noko færre, 40 gjess, både i 2024 og 2025 (SSB). Årsakene til det avgrensa omfanget av gåsejakt i Vestland kan vera fleire, men mangel på jakttradisjon kan vera ein viktig faktor, ettersom grågås er ein relativt ny art i mange kyst- og fjordavsnitt på Vestlandet.

Tilrettelegging for jakt

Erfaringar frå Noreg (og andre land) tilseier at dersom gåsejakta lokalt og regionalt skal vera eit tiltak som held gåsebestandane på eit ønskjeleg og målsett nivå, må det gjennomførast lokale tiltak i form av tilrettelegging og kursing av gåsejegerar. Gjess er generelt vanskelege å jakta på – dei er intelligente og responderer raskt på auka jakttrykk. Tilrettelegging og auka jaktkompetanse er difor tiltak som kan auka utbyttet i den lokale gåsejakta, samstundes som det kan bidra til at lokale gåsebestandar vert haldne meir stabile. I planperioden 2026–2030

vil Øygarden kommune bidra til slike tiltak, i samarbeid med lokale aktørar og gardbrukarar/rettshavarar.

Endra jakttid – tidlegare jaktstart

Eit mogleg tiltak i lokal gåseforvalting er innføring av tidleg jakt, dvs. ei forskyving av jakta inntil 20 dagar, til 21. juli (ordinær jakttid startar 10. august i Sør-Noreg). Bakgrunnen for å opna for tidleg jaktstart er at grågås i dag trekkjer tidleg i Sør-Noreg, dvs. at gjessene tek til med hausttrekket før jakta startar, eller at lokale bestandar trekkjer ut etter kort tid med ordinær jakt. Erfaringar frå både ordinær jakt og tidleg jakt tilseier eit behov for koordinering av jakta lokalt, inkludert oppretthalding av friområde og varierende jaktuttak i ulike jaktområde. For hardt jakttrykk ved oppstart kan raskt føra til at dei fleste gjessene heilt forlet forvaltingsområdet eller dei lokale jaktområda. Slik tidleg jakt skal godkjennast av Statsforvaltaren i fylket, og då med grunnlag i ein godkjend forvaltningsplan (som vert godkjend av same instans).

Grunneigarsamarbeid – lokalt samarbeid

Lokal forvalting av gås, grågås inkludert, er avhengig av god kontakt mellom lokal forvaltingsstyresmakt (kommunen) og grunneigarar/rettshavarar. Både ved gjennomføring av tiltak som skremming, etablering av friområde og tilrettelegging for jakt m.m., er eit godt samarbeid mellom alle aktørar viktig. Øygarden kommune vil i forvaltingsperioden 2026–2030 leggja til rette for eit slikt samarbeid lokalt, dersom lokal interesse er til stades.

Evaluering av gjennomførte tiltak

Erfaringar frå Noreg og internasjonalt har vist at ulike tiltak i gåseforvaltinga varierer med omsyn til om dei er effektive eller ikkje, dvs. i konflikten mellom gåsebeiting og landbruk. Det er mange tilhøve som kan påverka dette (sjå ovanfor). For å lukkast i lokal forvalting er ein god strategi å byggja opp solid lokal kunnskap om korleis ulike avbøtande tiltak verkar. Tilbakemeldingar og rapportering er difor ein viktig del av den løpande (adaptive) gåseforvaltinga på kommunalt nivå.

Strategi og tiltak i lokal gåseforvaltning 2026–2030

Erfaringar frå forvaltning av vilt, gås inkludert, tilrår fleksibilitet i lokal forvaltning, sidan tilhøva kan endra seg relativt mykje frå år til år og over tid. Denne tilnærminga vert kalla adaptiv forvaltning, eller ei tilpassa forvaltning over tid basert på erfaringar og ny kunnskap. Dette gjeld særleg for grågåsa si beiting i eng og innmark, der både brukte område og omfanget av beitinga (tal på gjess og varigheit) kan variera frå år til år og/eller endra seg over tid. Endringar i talet på gjess over tid, endringar i drifta av gardsbruk og lokale avbøtande tiltak kan endra grunnlaget for korleis lokale bestandar bør forvaltast. Erfaringar tyder på at slike forhold varierer ein god del innanfor grågåsa si utbreiing langs norskekysten. I Øygarden kommune varierer talet på bruk og delområde som tiltrekkjer seg mykje grågås i vår- og sommarperioden, med eit tyngdepunkt nord i kommunen (fig. 6), men nye område i hovudsonene Fjell og Sund har vorte tekne i bruk dei siste 10 åra.

Prioriterte tiltak

Strategien i planens virkeområde i Øygarden kommune i perioden 2026-2030 er, ut fra bakteppet beskrevet ovenfor, samt nåværende kunnskap og erfaringer med ulike avbøtende tiltak landet rundt (se forrige kapittel), at følgende tiltak er sentrale tiltak.

Auke kunnskapen om bestandar og sosial struktur

Kunnskapen om grågås i Øygarden er relativt god, der bestandsnivået er kjent (jf. Håland 2025), dvs. at dei viktigaste hekke- og beiteområda er godt kartlagde. Kunnskapen bør oppdaterast jamleg, både når det gjeld storleiken på den lokale hekkebestanden, men òg gjessene sin områdebruk, og ikkje minst kunnskap om dei gardsbruka som opplever mykje beitande gås i slåttemarkene sine. Førekkomsten av ikkje-hekkjande gjess er dynamisk; i 2025 var denne førekkomsten høg i nokre område i Øygarden kommune, særleg i område på Alvøy. Slike flokkar er i utgangspunktet lite knytte til eitt einskild beiteområde, dvs. at gjess som ikkje hekkar, er mobile og raskt kan flytta seg mellom attraktive beiteområde. Samstundes er gjess tradisjonelle i områdebruken sin, dersom dei finn tilstrekkeleg gode beitemarker og får beita i fred. Eit viktig aspekt er at mobile flokkar av ikkje-hekkjande gjess lett kan gje inntrykk av større lokale bestandar enn det som faktisk er tilfelle, fordi den same flokken kan observerast fleire stader i nærliggande område (her i same sone – fig. 6). Samstundes vil samtidige og systematiske takseringar og teljingar kunna klargjera dette (jf. kartlegginga som vart gjennomført i 2025; NNI-rapport 709 – Håland 2025). God kunnskap om lokale, ikkje-hekkjande gjess er difor eit kunnskapstema som jamleg bør oppdaterast i planperioden.

Evaluera effektar av gjennomførte tiltak

Det er òg viktig å byggja opp god kunnskap om korleis ulike avbøtande tiltak verkar, dersom slike vert sette i verk. Det er lite tenleg og bortkasta bruk av tid og ressursar å gjennomføra tiltak som ikkje har dei planlagde effektane på lokal, uønskt beitande gås. I den lokale forvaltinga er det viktig at erfaringar frå tiltak og forskning i andre område er oppdaterte, men det må merkast at det er skilnader mellom artar, og det kan òg vera skilnader mellom ulike «gåsedistrikt» i landet. Dette er erfart i Nordland, der det er markante skilnader i respons mellom trekkjande gåseartar (kvitkinngås og kortnebbgås) og dei lokale, hekkande grågjessene, både når det gjeld verknader av skremming og ulike fysiske tiltak. Erfaringar og kunnskap må difor byggjast opp lokalt. Dette er gjort som ein del av grunnlaget for planen for perioden 2026–2030, men det manglar framleis god kunnskap frå fleire område i kommunen.

Etablera samarbeid mellom forvalting og grunneigarar

Når det er konflikt mellom grågås som beitar på innmark (med redusert grasavling som resultat) og bruket sitt behov for størst mogleg grasavling, er det naturleg med tett kontakt mellom lokal forvalting og gardbrukarar. Dette gjeld både med omsyn til innsamling av feltdata om beitande gjess og gjennomføring av avbøtande tiltak, samt evaluering av dei effektane som vert oppnådde. Samordna gåseteljingar på faste datoar gjennom hekkesesongen kan gje eit godt bidrag til å auka kunnskapen om både bestandsstorleik og områdebruk. Det er eit delmål at slikt samarbeid vert vidareutvikla i planperioden.

Informasjon til allmenta og brukarar

Informasjon til allmenta og forbrukarar er eit viktig tiltak og vert enklast formidla via internett på kommunen sine heimesider, der òg annan lokal naturinformasjon er tilgjengeleg. Integrert i informasjonsarbeidet er òg tema som jakttilbod og tilrettelagd jakt lokalt og samla i kommunen.

Tilrettelegging for jakt

Grågås er, i tillegg til eigenverdi og å vera ein allmenn opplevingsressurs (arten leverer ulike økosystemtenester), òg ein jaktbar art med fastsette jakttider (ordinær jakttid eller gjennomføring av godkjend tidleg jakt). Erfaringar frå ulike område i Noreg har vist at tilrettelegging og samarbeid er heilt nødvendig dersom jakt skal ha effekt med omsyn til bestandsnivå. Dersom lokal gåsejakt vert auka, er det viktig at kunnskap om bestanden sin respons på slik auka jakt vert teke med som eit viktig delmål i planen (adaptiv forvalting). Gjess er sårbare for hard jakt, noko historia har vist både i Noreg og internasjonalt. Det er utarbeidd ein internasjonal forvaltningsplan for grågås, som Noreg har forplikta seg til å følgja opp.

Rapportering av gjennomførte tiltak

Dersom avbøtande tiltak skal ha den ønskete verknaden, er det viktig med ein form for strukturert tilbakemelding og evaluering av dei tiltaka som vert gjennomførte. Måten tilbakemelding og rapportering skal gjennomførast på, må planleggjast før tiltaka vert sette i verk, anten det gjeld skremming av gjess, fysiske tiltak eller løyve til skadefelling.



Lokale tiltaksplanar

Ser vi på dagens tilstand når det gjeld grågås i Øygarden, med store variasjonar frå nord til sør og dermed ulikt press på lokale slåttemarkar, er eit aktuelt tiltak å utarbeida enkle, lokale tiltaksplanar. Desse bør skildra kva område som vert nytta til beiting, ei vurdering av konfliktnivået (viktig grasproduksjon i høve til mengd gjess) og aktuelle tiltak. Ut frå spekteret av moglege tiltak vert det valt dei tiltaka som passar best lokalt, kvar dei skal gjennomførast og kven som har ansvaret. Etter gjennomført sesong vert det laga ei enkel evaluering av effektane av tiltaka. Ved behov vert dette repetert over fleire år, slik at ønskt verknad vert oppnådd der det er naudsynt (jf. kravet i forskrifta om vesentleg økonomisk skade). Denne måten å konkretisera lokale tiltak på vil auka moglegheita for å samla lokale erfaringar og dermed ny kunnskap i gåseforvaltinga.

Litteratur

- Direktoratet for Naturforvaltning. 1996.** Forvaltningsplan for gjess. - DN-Rapport 1996 - 2. 79 s.
- Cramp, S. 1977 (Ed.).** The birds of the Western Palearctic. Vol. I. Ostrich to Ducks, Oxford Univ. Press.
- Fox, A. D. & Madsen, J. 2017.** Threathend species to super-abundance: The unexpected international implications of successful goose conservation. - *Ambio* 46, Suppl. 2: 179 – 187.
- Fox, A. D. & Abraham, K. F. 2017.** Why geese benefit from the transition from natural vegetation to agriculture. – *Ambio* 46, Suppl. 2: 188 – 197.
- Fox, A. D. & Leafloor, J. O. 2018.** A global audit of status and trends the Arctic and Northern Hemisphere goose populations. - CAFF Report, 33 s.
- Fylkesmannen i Hordaland 2008.** Forvaltningsplan for gjess i Hordaland. Utfordringer, målsetjingar og tilrådingar. - Rapport 3-2008, 54 s.
- Haftorn, S. 1971.** Norges fugler. Universitetsforlaget Oslo – Bergen - Trondheim.
- Håland, A. 1979.** Grågås og kanadagås i Hordaland. - *Vår Fuglefauna* 2: 158 – 162.
- Håland, A. 2024.** Grågås i Kvinnherad kommune, Vestland fylke. Bestander, endringer og lokale funksjonsområder i 20254 - NNI-Rapport 689, 36 s.
- Håland, A. 2025.** Grågås i Øygarden kommune, Vestland fylke. Bestander, endringer og lokale funksjonsområder i 2025. - NNI-Rapport 709, 47 s.
- Kear, J. 2005.** Ducks, Geese and Swans. Vol 1. Oxford Univ. Press.
- Madsen, J., Williams, J. H., Johnson, F. A., Tombre, I. M., Dereliev, S., Kuijken, E. 2017.** Implementation of the first adaptive management plan for a European migratory waterbird population: The case of the Svalbard pink-footed goose *Anser brachyrhynchus*. - *Ambio* 46: 275- 289.
- Owen, M. 1980.** Wild Geese of the World. 236 s.
- Powolny, T., Jensen, G.H., Nagy, S., Czajkowski, A., Fox, A.D., Lewis, M., Madsen, J. 2018.** AEWA International Single Species Management Plan for the Greylag Goose (*Anser anser*) - Northwest/Southwest European population, draft. - AEWA Technical Series No. xx, Bonn, Germany.
- Ramo et al. 2015.** Latitudinal-related variations in wintering population trend in wintering Greyleg Geese (*Anser anser*) along the Atlantic flyway: A response to climatic change? – *PlosOne* 10(10): e0140181.doi.:10.1371/journal.pone.01481.

Stroud, D. A., Madsen, J. & Fox, A. D. 2017. Key actions to sustainable management of European geese. – *Ambio* 46 (Suppl. 2): 328 – 338.

Sørensen, I. H., F. A. Johnson, R. R. Germain & J. Madsen 2024. Estimating Greylag Goose breeding population size and productivity. Status and recommendations for post-breeding population counts and age ratio surveys in breeding range states of Management Unit 1 of the NW/SW European population of Greylag Goose: Denmark, Norway, Sweden, and Finland. - EGMP Technical Report No. 23, Bonn, Germany.

Sørensen, I. H., Germain, R. R., Johnson, F. A., Baveco, H., Koffijberg, K., and Madsen, J. 2025. Population Status and Assessment Report 2025. - EGMP Technical Report No. 26. Bonn, Germany. AEWA.

Wilman, B. 1929. Fuglelivet på Florø og nærmeste omegn. – *Norsk Orn. Tidsskrift* III, nr. 10: 185 -196.